



## **DELÅRSRAPPORT**

### **3. kvartal 2022**

Voss, 25. oktober 2022  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2022

## GENEREKT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 3. kvartal på 49,4 mill. kr. Dette er ein auke på 5,6 mill. kr i høve til same periode i 2021. Resultat av ordinær drift før skatt er 47,9 mill. kr mot 42,9 mill. kr i 2021. Resultat etter skatt er 37,0 mill. kr mot 32,6 mill. kr i 2021.

Totalresultat pr. utgangen av 3. kvartal 2022 er 39,6 mill. kr mot 32,4 mill. kr for same periode i fjar.

Banken har ei framleis positiv utvikling i basisdrifta, men vert også dette kvartalet påverka negativt av kursnedgang på fond i likviditetsportefølja. Desse fonda fekk ein kraftig kursnedgang i samband med krigsutbrotet i Ukraina, og dette har helde fram ut 3. kvartal. Nettoendringa for denne resultatposten er -7,3 mill. kr samanlikna med 2021. Dette er urealiserte tap i likviditetsportefølja, sjå note 7.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt er 8,1 % pr. utgangen av 3. kvartal i år mot 7,7 % for tilsvarende periode i fjar. Styrkinga kjem av god underliggende drift.

For 3. kvartal isolert (2021 tala i parentes) er resultat før tap 17,2 mill. kr (12,9), resultat før skatt 17,4 mill. kr (13,6), resultat etter skatt 13,2 mill. kr. (10,2) og totalresultat 15,6 mill. kr (11,4).

Eigenkapitalavkastninga etter skatt for kvartalet er 8,6 %.

## RENTENETTO

Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter ved utgangen av 3. kvartal er bokført til 79,4 mill. kr. Dette er ein auke på 11,5 mill. kr frå same periode i 2021. Dette skuldast både volumvekst og auke i rentemarginen. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 3. kvartal 1,85 % (1,59 %).

Isolert for 3. kvartal var netto rente- og kreditprovisjonsinntekter 28,7 mill. kr mot 23,7 mill. kr i 2021.

## ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 3. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 10,2 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 3,9 mill. kr samanlikna med same periode i fjar. Netto provisjonsinntekter aukar med 0,9 mill. kr i høve til 2021, medan utbytte aukar med 2,5 mill. kr. Netto verdiendring på finansielle instrument er redusert med 7,3 mill. kr. Dette skuldast verdiendring på fond i likviditetsportefølja og er urealiserte tap. Urealiserte tap og vinstar er venta å reverserast, enten i takt med at marknadstilhøva vert normalisert, eller i takt med at instrumenta si løpetid nærmar seg forfall.

For kvartalet isolert er netto andre driftsinntekter 2,6 mill. kr mot 3,5 mill. kr i 2021.

## DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 3. kvartal bokført til 40,2 mill. kr mot 38,2 mill. kr i fjar. Lønn og andre personalkostnader har auka med 0,5 mill. kr i høve til 2021, medan andre driftskostnader har auka med 1,7 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak auka IKT kostnader, og det er ført

ekstraordinære eingongskostnader i samband med byte av datasentral pr. 3. kvartal på vel 1,7 mill. kr. Avskrivingane er redusert med knappe 0,3 mill. kr i høve til 2021.

Isolert for 3. kvartal er driftskostnadane 14,1 mill. kr mot 14,3 mill. kr i 2021.

### TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

Ved utgangen av 3. kvartal har banken netto kostnadsført tap og nedskrivingar på utlån med 1,5 mill. kr mot 0,8 mill. kr i fjor. For nærmere spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

For 3. kvartal isolert er det ei netto tilbakeføring av tap og nedskrivingar på utlån med kr 0,1 mill. kr mot ei tilbakeføring på 0,8 mill. kr i tilsvarende periode i 2021.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjewise nedskrivingane knytt til covid-19 pandemien og krigen i Ukraina på 4,1 mill. kr. i 3. kvartal 2022. Dette grunna framleis usikkerheit kring den økonomiske utviklinga på lengre sikt.

### RÅVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 3. kvartal er 6.279 mill. kr. Dette er ein auke på 218 mill. kr (+3,6 %) siste året. Rådveldekapitalen på eiga bok er 5.733 mill. kr. ved utgangen av 3. kvartal.

### INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 3. kvartal på 4.008 mill. kr. Dette er ein auke på 33 mill. kr (+0,8 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 3. kvartal er 80,0 % mot 79,8 % på same tidspunkt i fjor.

Innskota isolert for 3. kvartal har auka med 9 mill. kr.

### UTLÅN

Banken har ved utgangen av 3. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 247 mill. kr (+4,7 %). Utlånsauken til privatkundar er 218 mill. kr (+5,0 %), medan auken til næringskundar er 29 mill. kr (+3,1 %). Brutto utlån inklusive lån til EBK er ved utgangen av 3. kvartal 5.556 mill. kr (5.309 i 3. kvartal 2021).

For tredje kvartal isolert har det vore ein utlånsvekst på 14 mill. kr. (1,0 % annualisert).

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 5.010 mill. kr mot 4.980 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2021. Av samla utlån er 964 mill. kr (19,2 %) utlån til næringsverksemd og 4.046 mill. kr (80,8 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjer ved utgangen av 3. kvartal 546 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 11,9 % mot 7,5 % i 2021. Dette utgjer 9,8 % (6,2 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

### LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom stabile innskot, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 3. kvartal utesståande obligasjonsgjeld på 982 mill. kr mot 1.056 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2021. Sjå note 8 for nærmere detaljar. Ved utgangen av 3. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 350 % og NSFR 136 %.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 22,58 % ved utgangen av 3. kvartal mot 21,58 % på tilsvarende tidspunkt i fjar. Netto ansvarleg kapital i banken er 624,1 mill. kr, mot 626,6 mill. kr same periode i fjar.

Kjernekapitalen til banken er 564,1 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 524,1 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 20,41 % (19,52 % i 3. kv. 2021) og ei rein kjernekapitaldekning på 18,97 % (18,14 % i 3. kv. 2021) av beregningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,6 % ved utgangen av 3. kvartal 2021 mot 9,6 % på tilsvarende tidspunkt i fjar.

Overskotet til no i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 30. april 2022 på 2,0 %. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 22,19 % ved utgangen av 3. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kernekapitaldekning er på høvesvis 20,01 % og 18,53 %. Konsolidert uvekta kernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,21 %.

## REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## UTSIKTENE FOR 2022

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrker banken sitt inntektsgrunnlag.

Den vedvarande krigen i Ukraina kombinert med ei energikrise i Europa har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen har bite seg fast på eit svært høgt nivå, og kombinert med stigande renter er dette venta å føre til eit lågare aktivitetsnivå frametter. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Norges Bank har i år lyfta styringsrenta rekordraskt, og det er venta vidare oppgang før ei utflating i løpet av 2023. Høgare renter vil påverke aktiviteten og investeringane framover.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirlasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

## FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 3. kvartal 2022 er utarbeidd i samsvar med Norsk Reknesakslov og IFRS, og at reknesaksopplysingane samla sett gjev eit rettvisande bilet av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i reknesaksperioden og deira verknad på rekneskapen, nærmestståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste reknesaksperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 25. oktober 2022

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Stein Kvarckvål

Styreleiar

Olav Seim

Hege Solbakken

Kathrine Løno Lahlum

Nestleiar

Solfrid Dagestad Midttun

Tilsette sin repr.

Stig Gunnar Røthe

Adm. banksjef

Resultat	Note	3. kvartal isolert	3. kvartal	3. kvartal	Året
		2022	2021	30.9.22	31.12.21
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>					
Renteinntekter fra eignelutar vurdert til amortisert kost		44.578	31.356	118.659	93.135
Renteinntekter fra øvrige eignelutar		0	0	0	359
Rentekostnader og liknande kostnader		15.843	7.673	39.294	25.646
<b>Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter</b>		<b>28.736</b>	<b>23.683</b>	<b>79.365</b>	<b>67.848</b>
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		4.530	4.001	12.115	11.195
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		600	583	1.662	1.675
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		0	0	3.976	1.483
Netto verdienhøring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7	-1.375	68	-4.198	3.097
Andre driftsinntekter		0	19	17	46
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>2.554</b>	<b>3.505</b>	<b>10.247</b>	<b>14.146</b>
Løn og andre personalkostnader		6.263	6.416	17.061	16.569
Andre driftskostnader		7.426	7.468	22.004	20.262
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eignelutar		374	449	1.147	1.395
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>14.062</b>	<b>14.333</b>	<b>40.212</b>	<b>38.226</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>17.228</b>	<b>12.854</b>	<b>49.400</b>	<b>43.768</b>
Kredittan på utlån, garantiar og renteberende verdipapir	Note 5	-125	-761	1.541	822
<b>Resultat før skatt</b>		<b>17.353</b>	<b>13.616</b>	<b>47.859</b>	<b>42.947</b>
Skattekostnad		4.200	3.412	10.840	10.367
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>13.153</b>	<b>10.204</b>	<b>37.020</b>	<b>32.579</b>
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>					
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 7	2.438	1.057	2.555	800
<b>Sum poster som ikke vil verta klassisifert over resultatet</b>		<b>2.438</b>	<b>1.057</b>	<b>2.555</b>	<b>800</b>
Verdiendring utlån til verkeleg verdi		17	125	53	50
Verdiendring renteberende verdipapir til verkeleg verdi					-1.267
Skatt		-4		-13	336
<b>Sum poster som vil verta klassifisert over resultatet</b>		<b>13</b>	<b>125</b>	<b>40</b>	<b>-881</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>15.604</b>	<b>11.386</b>	<b>39.615</b>	<b>32.498</b>
<b>Resultat per aksje</b>		<b>6,05</b>	<b>4,59</b>	<b>16,80</b>	<b>14,67</b>
					<b>20,09</b>

<b>Balanse - Eignelutar</b>		<b>Note</b>	<b>30.9.22</b>	<b>30.9.21</b>	<b>31.12.21</b>
Tal i tusen kroner					
Kontantar og kontantekvivalentar			77.613	42.473	80.377
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar			123.723	212.510	133.038
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5		3.744.149	3.946.400	3.946.925
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5		1.236.781	1.002.313	1.056.967
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 7		529.222	505.856	507.087
Varige driftsmiddel			17.287	18.062	17.663
Andre eignelutar			4.026	4.058	5.102
<b>Sum eignelutar</b>			<b>5.732.801</b>	<b>5.731.671</b>	<b>5.747.159</b>
<b>Balanse - Gjeld og eigenkapital</b>					
Tal i tusen kroner			<b>30.9.22</b>	<b>30.9.21</b>	<b>31.12.21</b>
Innlån frå kreditinstitusjonar			20	24	24
Innskot frå kundar			4.007.921	3.974.946	3.970.227
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8		982.036	1.055.697	1.055.899
Anna gjeld			34.210	21.993	24.092
Forpliktingar ved skatt			10.569	10.570	15.143
Andre avsetningar			444	231	256
Ansvareleg lånekapital	Note 8		60.065	60.042	60.053
<b>Sum gjeld</b>			<b>5.095.266</b>	<b>5.123.503</b>	<b>5.125.694</b>
Innskoten eigenkapital			58.014	58.014	58.014
Oppent eigenkapital			502.349	477.478	523.343
Fondsobligasjonskapital			40.153	40.096	40.108
Perioden sitt resultat etter skatt			37.020	32.579	0
<b>Sum eigenkapital</b>			<b>637.536</b>	<b>608.167</b>	<b>621.464</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>			<b>5.732.801</b>	<b>5.731.671</b>	<b>5.747.159</b>

Voss, 25. oktober 2022

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarckvål

Styrelseiar



Olav Seim



Hege Solbakken

  
Kathrine Løno Lahlum

Nestleiar

  
Solfrid Dagestad Midttun

Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe

Adm. banksjef

## EIGENKAPITALOPPSTILLING

Tal i tusen kroner	Innskotten eigenkapital				Opptent eigenkapital		
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fonds-obligasjon	Fond for urealiserte vinstar	Annan opptent eigenkapital	Sum eigenkapital
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.108</b>	<b>28.020</b>	<b>495.321</b>	<b>621.464</b>
Resultat etter skatt				1.441	-385	35.964	37.020
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					2.555		2.555
Andre eignelutar til verkeleg verdi						0	0
Utlån kundar til verkeleg verdi					53		53
Skatt på utlån til verkeleg verdi					-13		-13
<b>Totalresultat 30.09.2022</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.441</b>	<b>2.210</b>	<b>35.964</b>	<b>39.615</b>
Utbetalte renter hybridekapital				-1.396			-1.396
Endring eigne aksjar						0	0
Utbetalt utbytte						-22.147	-22.147
<b>Eigenkapital 30.09.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.153</b>	<b>30.230</b>	<b>509.138</b>	<b>637.536</b>
<b>Eigenkapital 31.12.2020</b>	<b>11.103</b>	<b>-82</b>	<b>46.995</b>	<b>40.097</b>	<b>26.943</b>	<b>474.502</b>	<b>599.559</b>
Resultat etter skatt				1.154		31.425	32.579
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					800		800
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi					-1.267		-1.267
Utlån kundar til verkeleg verdi					50		50
Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi					336		336
<b>Totalresultat 30.09.2021</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.154</b>	<b>-81</b>	<b>31.425</b>	<b>32.498</b>
Transaksjonar med eigarane						0	0
Utbetalte renter hybridekapital				-1.155			-1.155
Skatt på renter hybridekapital direkte mot EK						138	138
Endring eigne aksjar			-2				-2
Utbetalt utbytte						-22.871	-22.871
<b>Eigenkapital 30.09.2021</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.096</b>	<b>26.862</b>	<b>483.194</b>	<b>608.167</b>
<b>Eigenkapital 31.12.2020</b>	<b>11.103</b>	<b>-82</b>	<b>46.995</b>	<b>40.097</b>	<b>26.943</b>	<b>474.502</b>	<b>599.559</b>
Resultat etter skatt				1.561	-512	43.552	44.601
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					2.454		2.454
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi					-1.267		-1.267
Utlån kundar til verkeleg verdi					113		113
Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi					289		289
<b>Totalresultat 31.12.2021</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.561</b>	<b>1.077</b>	<b>43.552</b>	<b>46.190</b>
Utbetalte renter hybridekapital				-1.550			-1.550
Endring eigne aksjar		-2				-35	-37
Utbetalt utbytte						-22.698	-22.698
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.108</b>	<b>28.020</b>	<b>495.321</b>	<b>621.464</b>

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	3. kvartal 2022	3. kvartal 2021
<i>Tal i tusen kroner</i>		
<b>Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>		
Netto utbetaling av lån til kundar	24.206	-76.249
Renteinnbetalingar på utlån til kundar	117.809	93.265
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar	37.694	59.907
Renteutbetalingar på innskot frå kundar	-21.437	-14.853
Netto inn-/utbetaling av lån frå kreditinstitusjonar/innskot i kreditinstitusjonar	-3	-50.127
Renteutbetalingar på gjeld til kreditinstitusjonar/renteinnbetalingar på innskot kreditinstitusjonar	848	-170
Endring sertifikat og obligasjoner		427.165
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjoner		359
Netto provisjonsinnbetalingar	10.453	9.520
Verdiendring på finansielle instrument og valuta	420	0
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringar i verdipapir		-372.740
Utbetalingar til drift	-30.427	-33.835
Betalt skatt	-15.400	-12.224
<b>A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>124.163</b>	<b>30.018</b>
<b>Kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>		
Netto investering i varige driftsmidler	-770	0
Netto investering i langsiktige verdipapir	-24.198	3.133
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	3.976	1.483
<b>B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet</b>	<b>-20.992</b>	<b>4.616</b>
<b>Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>		
Innbetaling ved utferding stifta ved utferding av verdipapir	225.000	180.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-300.000	-275.263
Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-15.325	-9.776
Utbetaling ved forfall lån fra kreditinstitusjoner	0	0
Renter på gjeld til kreditinstitusjonar	0	0
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall ansvarlege lån	0	0
Innbetaling ved utstedelse av ansvarlig lån	0	0
Utbetaling ved forfall ansvarlig lån	0	-6
Renteutbetalingar på ansvarlege lån	-1.382	-976
Innbetaling ved utstedelse av fondsobligasjonskapital	0	0
Utbetaling ved forfall av fondsobligasjonskapital	0	0
Renter på fondsobligasjon	-1.396	-1.153
Kjøp og salg av egne aksjer	0	0
Utbetalinger fra gavefond	0	0
Emisjon av aksjar	0	0
Utbytte til aksjeeigarane	-22.147	-22.871
<b>C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet</b>	<b>-115.250</b>	<b>-130.045</b>
<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>	<b>-12.078</b>	<b>-95.411</b>
Likviditetsbeholdning 1.1	213.414	350.395
<b>Likviditetsbeholdning 30.09</b>	<b>201.336</b>	<b>254.984</b>
<b>Likviditetsbeholdning spesifisert:</b>		
Kontantar og kontantekvivalenter	77.613	11.814
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar	123.723	243.169
<b>Likviditetsbeholdning</b>	<b>201.336</b>	<b>254.983</b>

## NOTE 1 - GENERELL INFORMASJON

---

Covid-19-pandemien etterfylgd av Ukraina krigen pregar økonomien både globalt, nasjonalt og lokalt. Energikrisa i Europa får også konsekvensar lokalt, og den kraftige auken i prisane på naudsynte varer det siste året gjev nye utfordringar for private og bedrifter.

Den vedvarande krigen i Ukraina fører til usikkerheit, og den kraftige auken i inflasjonen dreg renta i rekordtempo oppover.

Dette fører igjen til auka usikkerheit i økonomien, og det får konsekvensar for den vidare veksten også lokalt.

Banken med si fordeling 81 % PM og 19 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalsituasjon har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit.

### *Utlån med statsgaranti fra Eksportfinansiering Norge (Eksfin)*

Dette er ei låneordning som staten har innført for å hjelpe bedrifter som står i ei akutt likviditetskrise som fylgje av direkte eller indirekte verknader av Covid-19. Ordninga er basert på at det er bankane som skal administrere den og syte for at vilkår i lov og forskrift er oppfylt.

Statleg garanterte lån under ordninga inneber at staten garanterer for 90 % av banklån til bedrifter som kvalifiserer under ordninga.

Vekselsbanken har fått tildelt ei ramme på 148,3 mill. kr under ordninga, og har pr. utgangen av 3. kvartal innvilga lån for 32,1 mill. kr fordelt på 16 lån.

## NOTE 2 - REKNESKAPSPrINSIPP OG -ESTIMAT

---

### **Rekneskapsprinsipp**

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2022 - 30.09.2022. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2021.

Covid-19-situasjonen førte til ein vesentleg og rask endring i kreditrisikoen for banken sin portefølje. Uvissa knytt til dette, gjorde det naudsynt å gjera ein justering på porteføljenivå for forventa tap.

### *Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderinger*

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leininga gjer estimat og skjønnsmessige vurderinger og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsreknekapen for 2021 er det gjort nærmare greie for kritiske estimat og vurderinger vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Estimat og skjønnsmessige vurderinger vert løpende evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnadar om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansestidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnadar og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nytta.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

### **Nedskrivningar på utlån**

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekingane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderinger, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevis vurderingar ifm. nedskrivningar i steg 3, har ikkje vorte endra som følgje av covid-19.

### **Nedskrivningar i steg 1 og 2**

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Ut over dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivningsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makrouvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipper i årsrapport for 2021 for ei skildring av nedskrivningsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kreditrisiko og kriteria for overgang til steg 2.

Betalingslettingar gjeve som konsekvens av covid-19-situasjonen, har ikkje automatisk ført til forbearancemarkering eller overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nyta vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivningsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kreditporteføljen, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjene er innafor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafor ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike segmenta og bransjene. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar.

Dei berekna nedskrivningsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane.

Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 0,8 mill. kr samanlikna med utgangen av fjaråret.

Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 0,9 mill. kr samanlikna med utgangen av fjaråret.

Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

#### **Verkeleg verdi for finansielle instrument**

For verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

#### **NOTE 3 - KREDITTFORRINGA ENGASJEMENT**

##### **Misleghald over 90 dagar**

	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2022	2021	2021
Brutto misleghelde engasjement - personmarknaden	16.413	11.381	28.814
Brutto misleghelde engasjement - bedriftsmarknaden	170	0	0
Nedskrivningar i steg 3	-8.628	-3.536	-10.521
<b>Netto misleghelde engasjement</b>	<b>7.955</b>	<b>7.845</b>	<b>18.293</b>

##### **Andre kredittföringa**

	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2022	2021	2021
Brutto andre kredittföringa engasjement - personmarknaden	12.715	17.322	7.909
Brutto andre kredittföringa engasjement - bedriftsmarknaden	28.039	29.567	28.346
Nedskrivningar i steg 3	-12.723	-19.874	-11.729
<b>Netto andre kredittföringa engasjement</b>	<b>28.031</b>	<b>27.015</b>	<b>24.526</b>

#### **NOTE 4 - FORDELING UTLÅN KUNDAR**

##### **Utlån til kundar fordelt på sektorar og næringer**

	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2022	2021	2021
Landbruk	34.159	36.786	36.603
Industri	33.138	72.780	74.507
Bygg, anlegg	68.734	84.391	68.285
Varehandel	79.502	73.494	72.990
Transport	20.521	21.491	23.025
Eigdomsdrift etc	582.796	551.543	562.932
Annan næring	145.077	94.841	98.903
<b>Sum næring</b>	<b>963.927</b>	<b>935.327</b>	<b>937.244</b>
Personkundar	4.046.214	4.044.715	4.097.102
<b>Brutto utlån</b>	<b>5.010.140</b>	<b>4.980.042</b>	<b>5.034.346</b>
Steg 1 nedskrivningar	-2.891	-2.528	-2.528
Steg 2 nedskrivningar	-4.975	-5.395	-5.684
Steg 3 nedskrivningar	-21.344	-23.406	-22.242
<b>Netto utlån til kundar</b>	<b>4.980.930</b>	<b>4.948.713</b>	<b>5.003.892</b>
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	546.305	329.677	351.121
<b>Totalt utlån inkl. portefølja i EBK</b>	<b>5.527.235</b>	<b>5.278.390</b>	<b>5.355.013</b>

## NOTE 5 - Nedskrivningar, tap, finansiell risiko

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innrekningstidpunktet

samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månader venta kredittapp i steg 1 til kredittapp over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utføring av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Redusjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller redusjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskonteringa.

<b>30.09.2022</b>	<b>Steg 1</b>	<b>Steg 2</b>	<b>Steg 3</b>	
<b>Nedskrivningar på utlån til kundar - personmarknaden</b>	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
Nedskrivningar pr. 01.01.2022	771	1.492	11.440	13.703
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	13	-266	-1	-254
Overføringar til steg 2	-14	378	0	364
Overføringar til steg 3	0	-31	176	145
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året	-8	2	102	97
Utlån som er frårekna i perioden	-76	-328	-2.965	-3.368
Konstaterte tap				0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-51	-82	561	428
Andre justeringar	-536	78	0	-459
<b>Nedskrivningar personmarknaden pr. 30.09.2022</b>	<b>100</b>	<b>1.243</b>	<b>9.314</b>	<b>10.657</b>

<b>30.09.2022</b>	<b>Steg 1</b>	<b>Steg 2</b>	<b>Steg 3</b>	
<b>Brutto utlån til kundar - personmarknaden</b>	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
Brutto utlån pr. 01.01.2022	3.878.202	189.043	29.857	4.097.102
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	58.574	-58.573	-1	0
Overføringar til steg 2	-92.820	92.820	0	0
Overføringar til steg 3	-16	-3.854	3.870	0
Nye utlån utbetalt	1.011.655	14.199	2.671	1.028.526
Utlån som er frårekna i perioden	-1.029.591	-42.458	-7.365	-1.079.414
Konstaterte tap				0
<b>Brutto utlån til personmarknaden pr. 30.09.2022</b>	<b>3.826.005</b>	<b>191.177</b>	<b>29.031</b>	<b>4.046.214</b>

<b>30.09.2022</b>	<b>Steg 1</b>	<b>Steg 2</b>	<b>Steg 3</b>	
<b>Nedskrivningar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden</b>	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
Nedskrivningar pr. 01.01.2022	1.757	4.192	10.802	16.752
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	42	-433	0	-392
Overføringar til steg 2	-98	944	0	846
Overføringar til steg 3	-5	-3	13	5
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året	63	605	610	1.278
Utlån som er frårekna i perioden	-140	-544	-195	-880
Konstaterte tap				0
Endra eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	24	-14	800	810
Andre justeringar	1.148	-1.014	0	134
<b>Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 30.09.2022</b>	<b>2.791</b>	<b>3.732</b>	<b>12.030</b>	<b>18.554</b>

<b>30.09.2022</b>	<b>Steg 1</b>	<b>Steg 2</b>	<b>Steg 3</b>	
<b>Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden</b>	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
Brutto utlån pr. 01.01.2022	737.716	171.223	28.305	937.244
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	37.429	-37.429	0	0
Overføringar til steg 2	-99.212	99.212	0	0
Overføringar til steg 3	-192	-113	305	0
Nye utlån utbetalt	192.683	21.217	0	213.900
Utlån som er frårekna i perioden	-139.710	-47.068	-440	-187.218
Konstaterte tap				0
<b>Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.09.2022</b>	<b>728.713</b>	<b>207.042</b>	<b>28.171</b>	<b>963.927</b>

<b>30.09.2022</b>	<b>Steg 1 12 mnd. tap</b>	<b>Steg 2 Livstid tap</b>	<b>Steg 3 Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
<b>Nedskrivningar på unytta kredittar og garantiar</b>				
Nedskrivningar pr. 01.01.2022	135	114	0	249
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	6	-37	0	-31
Overføringer til steg 2	-16	56	0	40
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på nye kredittar og garantiar	17	50	4	72
Nedskrivningar på unytta kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-50	-33	0	-82
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	142	2	1	145
Andre justeringar	42	8	0	50
<b>Nedskrivningar pr. 30.09.2022</b>	<b>276</b>	<b>161</b>	<b>6</b>	<b>443</b>

<b>30.09.2022</b>	<b>Steg 1 12 mnd. tap</b>	<b>Steg 2 Livstid tap</b>	<b>Steg 3 Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
<b>Unytta kredittar og garantiar</b>				
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2022	337.837	19.638	39	357.514
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	2.717	-2.717	0	0
Overføringer til steg 2	-5.243	5.243	0	0
Overføringer til steg 3	0	-38	38	0
Nye/endra unytta kredittar og garantiar	95.908	999	57	96.965
Engasjement som er frårekna i perioden	-121.571	-5.865	-93	-127.529
<b>Brutto balanseførte engasjement pr. 30.09.2022</b>	<b>309.649</b>	<b>17.260</b>	<b>41</b>	<b>326.950</b>

<b>Nedskrivningar i steg 3 på utlån og garantiar</b>	<b>30.09.2022</b>	<b>30.09.2021</b>
Nedskrivningar ved starten av perioden	22.242	22.394
Auka nedskrivningar i perioden	1.760	1.300
Nye nedskrivningar i perioden	300	500
Tilbakeføring av nedskrivningar frå tidligare periodar	-122	-897
Konstaterte tap på lån som tidligare er nedskrivne	-2.837	109
<b>Nedskrivningar steg 3 ved slutten av perioden</b>	<b>21.343</b>	<b>23.406</b>

<b>Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar</b>	<b>30.09.2022</b>	<b>30.09.2021</b>	<b>31.12.2021</b>
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-899	1.012	-152
Endring i perioden i steg 3 på garantiar			7
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	-346	-692	-403
Konstaterte tap i perioden, der det tidligare er føreteke nedskrivningar i steg 3	2.838	1.062	1.462
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3		-85	-85
Perioden sin inngang på tidligare periodar sine nedskrivningar	-53	-475	-605
<b>Tapskostnader i perioden</b>	<b>1.540</b>	<b>822</b>	<b>224</b>

## NOTE 6 - SEGMENTINFORMASJON

RESULTAT	3. kvartal		2022	
	PM	BM	Ufordelt	Total
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>68.529</b>	<b>31.025</b>	<b>-20.189</b>	<b>79.365</b>
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			3.976	3.976
Netto provisjonsinntekter			10.453	10.453
Netto verdiendring verdipapir			-4.198	-4.198
Andre inntekter			17	17
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>10.247</b>	<b>10.247</b>
Løn og andre personalkostnader			17.061	17.061
Avskrivningar på driftsmidlar			1.147	1.147
Andre driftskostnader			22.004	22.004
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>40.212</b>	<b>40.212</b>
Tap på utlån	214	1.326		1.541
Vinst aksjar				0
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>68.314</b>	<b>29.698</b>	<b>-50.154</b>	<b>47.859</b>
<b>BALANSE</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>
Brutto utlån og fordringar på kundar	4.046.214	963.927		5.010.140
Innskot frå kundar	3.076.980	930.941		4.007.921

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkundar som vert fylgd opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter banken si vurdering, foreligg det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken.

Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsinformasjon.

RESULTAT	3. kvartal		2021	
	PM	BM	Ufordelt	Total
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>55.662</b>	<b>25.450</b>	<b>-13.263</b>	<b>67.849</b>
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			1.483	1.483
Netto provisjonsinntekter			9.520	9.520
Netto verdiendring verdipapir			3.097	3.097
Andre inntekter			46	46
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>14.146</b>	<b>14.146</b>
Løn og andre personalkostnader			16.569	16.569
Avskrivningar på driftsmidlar			1.395	1.395
Andre driftskostnader			20.262	20.262
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>38.226</b>	<b>38.226</b>
Tap på utlån	1.831	-1.009		822
Vinst aksjar				0
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>53.831</b>	<b>26.459</b>	<b>-37.343</b>	<b>42.946</b>
<b>BALANSE</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>
Brutto utlån og fordringar på kundar	4.030.683	918.030		4.948.713
Innskot frå kundar	2.909.895	1.065.051		3.974.946

2021				
RESULTAT	PM	BM	Ufordelt	Total
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>76.028</b>	<b>34.148</b>	<b>-18.069</b>	<b>92.107</b>
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			1.720	1.720
Netto provisjonsinntekter			13.282	13.282
Netto verdiendring verdipapir			2.271	2.271
Andre inntekter			324	324
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>17.597</b>	<b>17.597</b>
Løn og andre personalkostnader			22.757	22.757
Avskrivningar på driftsmidlar			1.793	1.793
Andre driftskostnader			26.927	26.927
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>51.477</b>	<b>51.477</b>
Tap på utlån	1.495	-1.272		223
Vinst aksjar				0
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>74.533</b>	<b>35.420</b>	<b>-51.949</b>	<b>58.005</b>
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total
Brutto utlån og fordringar på kundar	4.097.102	937.244		5.034.346
Innskot frå kundar	2.923.656	1.046.571		3.970.227

## NOTE 7 - VERDIPAPIR

30.09.2022	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum Totalt
<b>Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi</b>				
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultat		440.663		440.663
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			88.559	88.559
<b>Sum</b>	<b>-</b>	<b>440.663</b>	<b>88.559</b>	<b>529.222</b>
30.09.2021	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum Totalt
<b>Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.</b>				
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet		446.253		446.253
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			59.603	59.603
<b>Sum</b>	<b>-</b>	<b>446.253</b>	<b>59.603</b>	<b>505.856</b>

## Verkeleg verdimålingar og –opplysningars klassifisert etter nivå

I tabellane over er det nytta fylgjande nivåinndeling:

**Nivå 1:** Verdsetjing er fastsett ut frå kvoterte priser i aktive marknader.

**Nivå 2:** Verdsetjing er uteleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.

**Nivå 3:** Vurderingar som baserer seg på observerbare marknadsdata. Verdsetjinga av Eika Boligkredit AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsetjinga av Eika Gruppen AS tek utgangspunkt i ei verddivurdering av dei einskilde selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsetjingsmetodar. Denne verddivurderinga vert vurdert opp imot sist kjende emisjons- og/eller omsetjingskurs, og der det er teke omsyn til banken sine eigne vurderingar av hendingar fram til balansedagen. Til saman utgjer desse aksjane 54,2 mill. kroner av totalt 88,6 mill. kroner i nivå 3.

## SPESIFIKASJON AV OBLIGASJONS-, FONDS- OG AKSJEPORTEFØLJE

Renteportefølje	30.09.2022		30.09.2021
<b>Fondsandelar</b>			
DNB Euro. Cov. Bonds	58.615		85.079
DNB OMF	180.995		205.888
DNB Global Treasury	153.493		155.286
DNB Obligasjon 20 E	47.559		-
<b>Sum renteportefølje</b>	<b>440.663</b>		<b>446.253</b>

Aksjeporfølje	30.09.2022		30.09.2021	
Namn	Tal aksjar	Bokført verdi	Tal aksjar	Bokført verdi
SDC	2.603	1.484	2.603	1.399
Eika Gruppen	146.335	33.877	47.481	8.024
Eksportfinans	1.050	20.013	1.050	20.013
Eika BoligKredit	4.708.930	20.298	4.719.819	19.463
Destinasjon Voss			33	100
Kveik AS	5	5	5	5
Næringshagen Voss	49.500	250	1.500	150
VossaLøysinga	5	5	5	5
Visa C konvertible via VN1		393		380
VN Norge		1.495		1.443
Eiendomskredit	8.212	1.000	8.212	1.000
Eika VBB AS	1.762	9.586	1.648	7.621
Aktiv Voss AS	30.600	153		
<b>Sum aksjeporfølje</b>		<b>88.559</b>		<b>59.603</b>

### NOTE 8 - VERDIPAPIRGJELD

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rente-vilkår
				30.09.2022	30.09.2021	
<b>Sertifikat- og obligasjonslån</b>						
N00010790538	04.04.2017	31.03.2022	150.000	0	150.006	150.008 3m Nibor + 90 bp
N00010795412	26.05.2017	09.09.2022	150.000	0	150.127	150.162 3m Nibor + 92 bp
N00010807928	10.10.2017	10.03.2023	150.000	150.302	150.118	150.151 3m Nibor + 90 bp
N00010816085	12.02.2018	12.09.2023	175.000	175.321	175.122	175.128 3m Nibor + 88 bp
N00010853369	29.05.2019	18.03.2024	150.000	150.107	150.055	150.077 3m Nibor + 70 bp
N00010873185	16.01.2020	16.01.2025	150.000	150.825	100.203	100.281 3m Nibor + 69 bp
N00011027005	15.06.2021	15.09.2025	180.000	180.263	180.060	180.111 3m Nibor + 54 bp
N00012495946	20.04.2022	30.08.2024	175.000	175.492		3m Nibor + 57 bp
Over/underkurs			-274	7	-18	
<b>Sum gjeld ved utferding av verdipapir</b>			<b>982.036</b>	<b>1.055.697</b>	<b>1.055.899</b>	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rente-vilkår
				30.09.2022	30.09.2021	
<b>Ansvarleg lånekapital</b>						
N00010871395	18.12.2019	18.12.2024	60.000	60.065	60.042	60.053 3 mnd. NIBOR + 1,80 %
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>			<b>60.065</b>	<b>60.042</b>	<b>60.053</b>	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse		Forfall/innlest	Øvrige endringar	Balanse
	31.12.2021	Emittert			
Obligasjonsgjeld	1.055.899	225.000	-300.000	1.136	982.035
<b>Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir</b>	<b>1.055.899</b>	<b>225.000</b>	<b>-300.000</b>	<b>1.136</b>	<b>982.035</b>
Ansvarlege lån	60.053	0	0	12	60.065
<b>Sum ansvarleg lån og fondsobligasjoner</b>	<b>60.053</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>12</b>	<b>60.065</b>

## NOTE 9 - KAPITALDEKNING

Kapitaldekning	3. kvartal	3. kvartal	Året
	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Opptent eigenkapital	472.118	476.702	495.322
Overkursfond	46.995	46.995	46.995
Innbetalt aksjekapital	11.019	11.019	11.019
Fond for urealiserte gevinst	28.020	0	28.020
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>558.153</b>	<b>534.716</b>	<b>581.357</b>
Asett utbytte	0	0	-22.316
Frådrag for forsvarleg verdsetjing	-4.273	-506	-507
Frådrag i rein kjernekapital	-29.790	-7.621	-9.586
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>524.089</b>	<b>526.589</b>	<b>548.947</b>
Fondsobligasjoner	40.000	40.000	40.000
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>564.089</b>	<b>566.589</b>	<b>588.947</b>
Ansvarleg lånekapital	60.000	60.000	60.000
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>60.000</b>	<b>60.000</b>	<b>60.000</b>
	0	0	
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>624.089</b>	<b>626.589</b>	<b>648.947</b>
	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
<b>Eksponeringskategori (vekta verdi)</b>			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndighet	0	0	0
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	0	0	0
Føretak	216.266	251.163	247.537
Massemarknad	0	0	0
Pantsikkerheit eigedom	2.016.526	2.123.546	2.142.633
Forfalne engasjement	37.473	36.224	38.115
Høgrisiko engasjement	0	10.752	7.395
Obligasjonar med fortrinnsrett	97	0	0
Fordring på institusjonar og føretak med kortsliktig rating	24.745	42.502	26.607
Andelar verdipapirfond	42.913	29.097	43.950
Eigenkapitalposisjonar	55.801	51.982	52.220
Øvrige engasjement	166.493	158.012	164.088
CVA-tillegg	0	0	0
<b>Sum beregningsgrunnlag for kreditrisiko</b>	<b>2.560.313</b>	<b>2.703.277</b>	<b>2.722.545</b>
Beregningsgrunnlag frå operasjonell risiko	203.037	199.959	203.037
<b>Beregningsgrunnlag</b>	<b>2.763.350</b>	<b>2.903.236</b>	<b>2.925.582</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>22,58 %</b>	<b>21,58 %</b>	<b>22,18 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>20,41 %</b>	<b>19,52 %</b>	<b>20,13 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>18,97 %</b>	<b>18,14 %</b>	<b>18,76 %</b>
<b>Konsolidering av samarbeidande grupper</b>			
Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportera kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.			
Banken har ein eigarandel på 0,59 % i Eika Gruppen AS og på 0,38 % i Eika Boligkreditt AS.			
	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>542.499</b>	<b>527.125</b>	<b>549.253</b>
<b>Kjernekapital</b>	<b>585.884</b>	<b>569.529</b>	<b>591.659</b>
<b>Ansvarleg kapital</b>	<b>649.733</b>	<b>632.559</b>	<b>654.689</b>
<b>Beregningsgrunnlag</b>	<b>2.928.169</b>	<b>3.033.370</b>	<b>3.056.389</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>22,19 %</b>	<b>20,85 %</b>	<b>21,42 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>20,01 %</b>	<b>18,78 %</b>	<b>19,36 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>18,53 %</b>	<b>17,38 %</b>	<b>17,97 %</b>
<b>Uvekta kjernekapitalandel i %</b>	<b>9,21 %</b>	<b>8,99 %</b>	<b>9,32 %</b>

## NOTE 10 - AKSJAR

---

Dei 20 største aksjonærane:

**30.09.2022**

Navn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	222.050	10,00 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	57.149	2,57 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	52.461	2,36 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	47.000	2,12 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
FJORDSYN AS	33.872	1,52 %
PROFOND AS	33.049	1,49 %
METT & GO AS	30.000	1,35 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
FOSSEN HAAKEN	22.222	1,00 %
HAKATAI AS	20.855	0,94 %
ANDERS VAKSDAL	20.000	0,90 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	0,90 %
HASLELUND HOLDING AS	19.994	0,90 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16.796	0,76 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,68 %
LIMONE AS	14.727	0,67 %
INGUNN RIO	12.580	0,56 %
<b>Sum 20 største</b>	<b>822.909</b>	<b>37,06 %</b>
Øvrige aksjonærar	1.397.603	62,94 %
<b>Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)</b>	<b>2.220.512</b>	<b>100,00 %</b>

**Antall aksjar:** **2.220.512**

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 3. kvartal: 271,08

Børskurs ved utgangen av 3. kvartal: 210,00

**30.09.2021**

<b>Navn</b>	<b>Behaldning</b>	<b>Eigarandel</b>
VOSS SPAREBANK	222.050	10,00 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	57.000	2,57 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	52.659	2,37 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	49.461	2,23 %
SALT VALUE AS	44.959	2,02 %
PROFOND AS	41.064	1,85 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
METT & GO AS	30.000	1,35 %
FJORDSYN AS	26.414	1,19 %
LIMONE AS	24.403	1,10 %
FORLAGSHUSET VIGMOSSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
FOSSEN HAAKEN	22.051	0,99 %
HAKATAI AS	20.855	0,94 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	0,90 %
HASLELUND HOLDING AS	18.069	0,81 %
VAKSDAL ANDERS	17.874	0,80 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16.796	0,76 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,68 %
<b>Sum 20 største</b>	<b>863.809</b>	<b>38,90 %</b>
Øvrige aksjonærar	1.356.703	61,10 %
<b>Totalt tal aksjar (pålydende kr 5)</b>	<b>2.220.512</b>	<b>100,00 %</b>

**Antall aksjar:** **2.220.512**

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 3. kvartal: 255,83  
Børskurs ved utgangen av 3. kvartal: 186,00

## NOTE 11 - HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det har ikkje førekommne hendingar etter utløpet av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller notar til rekneskapen.

## NYKELTAL

	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2022	2021	2021
<b>Nykeltal er annualisert der anna ikke er spesifisert</b>			
<b>Resultat</b>			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	44,76 %	49,38 %	48,70 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	11,65 %	12,36 %	12,87 %
Innskotsmargin hittil i år	1,01 %	-0,03 %	0,07 %
Utlånsmargin hittil i år	1,48 %	2,16 %	2,07 %
Netto rentemargin hittil i år	1,85 %	1,59 %	1,62 %
Eigenkapitalavkastning <sup>1</sup>	8,07 %	7,73 %	7,82 %
<sup>1</sup> Baseret på resultat av ordinær drift etter skatt, eigenkapitalen er justert for hybridkapital			
<b>Balanse</b>			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	19,24 %	18,78 %	18,62 %
Andel lån overført til EBK - berre PM	11,90 %	7,54 %	7,89 %
Innskotsdekning	80,00 %	79,82 %	78,86 %
Innskotsvekst (12mnd)	0,83 %	5,01 %	1,41 %
Utlånsvekst (12 mnd)	0,60 %	0,64 %	2,66 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	4,65 %	-0,03 %	2,64 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	5.742.718	5.689.572	5.691.762
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	6.184.955	6.028.199	6.030.141
<b>Nedskrivninger på utlån og misleghald</b>			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	0,04 %	0,02 %	0,02 %
Tapsavsetninger i % av brutto utlån	0,58 %	0,63 %	0,60 %
<b>Nykeltal er annualisert der anna ikke er spesifisert</b>			
<b>Soliditet<sup>1</sup></b>			
Rein kjernekapitaldekning	18,53 %	17,38 %	17,97 %
Kjernekapitaldekning	20,01 %	18,78 %	19,36 %
Kapitaldekning	22,19 %	20,85 %	21,42 %
Uvekta kjernekapitalandel	9,21 %	8,99 %	9,32 %
<sup>1</sup> Inklusiv konsolidering av sambeidsgrupper			
<b>Likviditet</b>			
LCR	350	338	235
NSFR	136	132	131